

Referat frå SMU/SU Foldnes skule 23.03.2023

Medlemmar i SMU og SU ved Foldnes skule dette skuleåret:

Frå elevrådet:

Leiar: Mathias, vara: Amar

Nestleiar: Nikolai, vara: Leah

Frå lærarane:

Hanne Linge, vara: Kornelia Takvam

Linda Sæterlid, vara: Asbjørn Sve

Frå andre tilsette:

Ann Elin Street, vara: Anne Grethe Kvervsøy.

Frå FAU:

Leiar: Alma Tennebø, vara: Geir Ove Johansen

Nestleiar: Tonje Kyrkeide, vara: Heidi Storemark Foldnes

Frå kommunen:

Politisk representant: Stein Lund, vara: Ernst Einarsen

Rektor: Ragnhild Knudsen Magerøy, vara: Espen Hanuren

Møtte: Hanne Linge, Linda Sæterlid, Ann Elin Street, Mathias, Niklas, Tonje Kyrkeide, Ernst Einarsen og Ragnhild Knudsen Magerøy

SMU:

1. Elevundersøkelsen:

Resultat frå Elevundersøkinga tatt på 5. til 7. trinn i starten av desember kom i siste halvdel av januar. Trivsel har lagt høyt dei siste åra, det same har støtte frå lærar. Støtte heimafrå er lågare enn det har vore, dette er ei sak som FAU bør følgje opp i høve føresette. Meistring, motivasjon, elevdemokrati og medverkning er punkt som har lagt lågt både på skulen og kommunalt dei siste åra. Dette er noko som skal jobbast med, både lokalt og kommunalt. Punkta heng saman og påverkar kvarandre. Fokus kjem gjennom Framtidas skule – sjå punkt 3 i SU-møte.

2. Skulen sitt uteområde:

Elevrådet sende som oppmoa i sist møte ei liste om sine prioriteringar på mail til Ernst. Mailen blei delt med Oppvekstsjefen. Det kom svar til elevrådet med attendemelding om at kommunalsjef for oppvekst vil ta det med egedomsavdelinga. Ernst viser til at revidert budsjett skal opp om eit par månadar, og at det var lurt å sende innspel om uteområdet no.

3. Eventuelt:

Elevrådet ønsker å ha meir fokus på Smart mat. Foreslår å ha ei kvar veken fast fruktdag, og at elevane er med å kuttar opp og serverer frukta. Elevrådet spør om alle kan ha ein felles dag der dette står i fokus? SMU er positiv til felles fruktdag. Elevar kan verte oppmoa om å ta med frukt. Det som vert tatt med, får alle i klassen ta del i. Fau vil vurdere om dei kan sponse smoothiemaskine som kan stå på skulekjøkkenet, og Sfo vil gjerne vere med å teste det ut. Saka må takast opp i lærarkollektivet, før endeleg avgjere.

SU

1. SFO status og arbeid med rammeplan:

Informasjon ved SFO-leiar. Ho fortel at det har vore jobba godt med rammeplana. Det har kommunalt vore jobba fram ei kvalitetsplan for SFO. Første trinn har i år fått 12 timer gratis plass i SFO. Det er no på høyring angåande 12 timer gratis til andre trinn. I år har alle førsteklassingar plass på SFO. To av SFO sine tilsette er på ei vidareutdanning for SFO i regi av HVL dette året, og tema er i tråd med fokus på Helsefremjande skule; aktivitet og sunn mat. Bemanningsnormen utfordrar i høve kva rammeplana legg opp til i SFO. Det er eit ønske med eit kommunalt fokus på korleis ein skal kunne oppfylle krava i rammeplana med normen som føreligg i kommunen per i dag.

2. Fjerning av punkt om mobilbruk på bussen i Ordensreglane:

Elevrådet går inn for at punktet skal vekk, men legg til at elevar må ta ansvar for å ikkje forstyrre andre med mobiltelefonane sine på bussen, samt ikkje ta bilde av andre og dele utan løyve. FAU går inn for at punktet kan tas vekk. Det er eit foreldreansvar for opplæring i høve bruk. Skule er einig i at punktet bør fjernast då ein opplever at det ikkje er mogeleg å etterleve kravet.

Vedtak: Punktet vert tatt vekk frå Ordensreglementet.

3. Plandokumentet Framtidas skule:

Politisk representant informerer om arbeidet som er lagt ned for å gjere nokre val om kva som skal vere fokus for skulane i kommunen dei komande åra. Kort oppsummert: Plana skal vere i 30 år. Ikkje alt kjem på plass med ein gong. Alle val som er gjort i høve kva som skal med i plana er basert på forsking, og Sølvi Lillejorde og Thomas Nordahl si forsking har vore i fokus. Dei har sett på skular som lukkast med oppdraget, og kva dei gjer som giv effekt. Rektorrolla er viktig, og skal få meir støtte. Det er blant anna lagt vekt på at skulane skal vere leksebevisste, at skulene skal ha miljøterapeutar, og at spesialundervisninga skal endrast i høve struktur. Her er [plandokumentet Framtidas skule](#).

Neste møte:

25.05.2023, kl. 19.00 til 20.30 i administrasjonen. SMU kl. 19.00 og SU kl. 19.45.

Ragnhild Knudsen Magerøy
referent

